

1 **F3: Omvendt valdsalarm**

2 **Framleggsstillar:** Sogndal SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Avvisast til fordel for F1.

4

5 **Vestland SV krev raskare iverksetjing av dei nye reglane for omvendt**
6 **valdsalarm.**

7 Stortinget har vedteke nye reglar for bruk av omvendt valdsalarm. Regjeringa legg
8 opp til at det skal ta eit halvt år før dei nye reglane tek til å gjelde. Vestland SV kan
9 ikkje forstå kvifor regjeringa vil vente så lenge med å setje i verk eit lovverk som er på
10 plass, og som kan redde liv. Det er særleg vanskeleg å forstå dette sett i lys av dei
11 hendingane som nyleg har skjedd med tragiske utfall for kvinner som var utsette for
12 vald. Vestland SV meiner det er svært alvorleg at me ikkje klarer å sikre utsette
13 kvinner betre enn det me gjer i Noreg i dag.

14 Vestland SV vil utfordre dei andre politiske partia i fylket til å slutte seg til ei
15 oppmoding til regjeringa om å få fortgang i arbeidet med opptrappingsplanen som dei
16 kom med før jul, og som mellom anna skal leggje til rette for bruken av omvendt
17 valdsalarm. Det hastar for mange menneske som lever med trugsmål om vald å få
18 sett i verk desse reglane!